



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato  
29.01.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/16341 721.0  
Dykkar referanse

Kommunalsjefar/einingsleiarar/verksemdsleiarar/Nav-leiarar  
Leiarar innan psykisk helse og rusfeltet  
Fagleiarar/koordinatorar for psykisk helse og rus

### Rapportering om tilskot 2014 til kommunalt rusarbeid og samhandlingsmodellar på rusfeltet kap 763 61

Fylkesmannen i Hordaland viser til tildeling av tilskot til kommunalt rusarbeid og tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet statsbudsjettet kapittel 763 post 61 i 2014.

Vi gjer merksam på at rapporteringsfristen er 31. mars 2015 og at de må rapportere på måloppnåing og rekneskap kontrollert og attestert av revisor. Dette går også fram i brevet om tildeling av tilskot og tilskotsreglement som de fekk tilsendt i 2014. Tilskotsreglementa for tilskotsordningane er vedlagt.

Dersom tilskot som vart utbetalt i 2014 ikkje er nytta, må de søkje om å få desse midlane overført til 2015. Overførte midlar vert trekte frå tildelinga for 2015.

Tilskot for 2015 blir ikkje utbetalt før vi har motteke og godkjent rapportering for bruk av tilskot 2014.

Til orientering minner vi om at [søknadsfristen for tilskot til kommunalt rusarbeid 2015](#) er 16. februar 2015.

Ver venleg å halde rapporteringsfristen slik at ikkje utbetaling av tilskot for 2015 vert unødigg forseinka.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Mona Fauskanger  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Regelverk for tilskotsordning - Tilskot til kommunalt rusarbeid
2. Regelverk for tilskotsordning - Tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet